

Unge i oppfølgingstenesta 2025

Dobbelt så mange unge i oppfølgingstenesta etter lovendring

31 800 unge var registrert i oppfølgingstenesta i juni 2025. Det var over dobbelt så mange som i juni 2024. Auken skuldast at målgruppa til oppfølgingstenesta er utvida i ny opplæringslov.

STATISTIKK | Sist endret: 07.08.2025

Hovudfunn

Fleire tal ligg i statistikkbanken

- Det var nesten 16 400 fleire unge i OT samanlikna med 2024, noko som i hovudsak skuldast endringa i aldersgruppa.
- Nær halvparten av dei unge i OT hadde ikkje søkt skole- eller læreplass.
- OT har ikkje fått kontakt med éin av fire unge som stod utanfor vidaregåande opplæring eller arbeid.
- To av fem unge i OT kjem i aktivitet.
- Nær tre av fem unge utanfor skole og arbeid var gutar.

Endringar i opplæringslova førte til fleire i OT

Oppfølgingstenesta (OT) følgjer opp unge i alderen 16–24 år som verken går på skole, er i lære eller jobbar, og skal formidle tilbod om opplæring, arbeid eller kompetansefremmande tiltak. I juni 2025 var det 31 800 unge i alderen 16–24 år som var utanfor vidaregåande opplæring eller jobb. Av desse var 17 100 unge i alderen 21–24 år, som tidlegare stod utanfor målgruppa til OT. I juni 2025 var det, samanlikna med juni 2024, færre unge på 16–18 år som stod utanfor opplæring, mens det var fleire på 19 og 20 år. Dette kan ha samanheng med at dei yngre i større grad vel å

halde fram i vidaregåande opplæring, fordi dei ikkje lenger er like redde for å bruke opp opplæringsretten sin.

I juni 2025 var 5,3 prosent av unge i alderen 16–24 år registrerte i oppfølgingstenesta. I juni 2024 utgjorde unge i oppfølgingstenesta mellom 16–20 år 4,7 prosent av alle unge i denne aldersgruppa i Noreg. Målgruppa for oppfølgingstenesta på dette tidspunktet var unge mellom 16–21 år.

Om oppfølgingstenesta

Oppfølgingstenesta (OT) er ei fylkeskommunal teneste for unge som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje er i vidaregåande opplæring eller arbeid.

Frå og med 1. august 2024, vil ein vere omfatta av tenesta fram til utgangen av det året ein fyller 24 år (sjå opplæringslova § 9-4).

Oppfølgingstenesta har ansvaret for å koordinere og samordne den tverrfaglege innsatsen for desse unge.

Om endringar i oppfølgingstenesta og brot i statistikken

Det er fleire grunnar til at det er utfordrande å samanlikna tala for juni 2025 med tala for juni 2024:

- Før ny opplæringslov tredde i kraft 1. august 2024 var målgruppa til OT unge i alderen 16–21. No er ein omfatta av tenesta fram til utgangen av det året ein fyller 24 år.
- Tidlegare har vi ikkje teke med ungdommane som fyller 21 år i løpet av skoleåret. Etter 1. august 2024 blir alle ungdommar talde med fram til dei fyller 25 år.
- I tillegg har OT fått ansvar for å følgja opp unge i alderen 16–24 som har fullført skoleåret i vidaregåande opplæring, men som ikkje har fått studie- eller yrkeskompetanse. Desse unge blir registrerte i oppfølgingstenesta og har rett på oppfølging på lik linje med andre unge i OT. Dei har rett på eit tilbod om meir opplæring. Nokre vil få meir opplæring på skolen mens andre vil få tilbod om meir opplæring i lærebedrift. Nokre har vore utanfor vidaregåande opplæring ei stund, og er derfor OT sitt ansvar fram til dei

melder seg opp til ny opplæring, eventuelt tek eksamen eller fag- eller sveineprøve.

- Ikkje alle fylke har fullstendig oversikt over unge som manglar enkelte fag eller læretid for å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Forskjellar i registrering av denne gruppa kan føre til ulikskap ved samanlikning mellom fylka. Alle fylka har utfordringar med å få full oversikt, blant anna fordi enkelte ungdommar tek ny, utsett eller særskild eksamen og får vitnemål på eit seinare tidspunkt. Det er stor variasjon i korleis fylka handterer dette – nokre har lasta desse ungdomane inn i VIGO OT, mens andre ikkje har gjort det.

Med fleire unge med rett til opplæring etter opplæringslova § 5-1 er det derfor viktig å vise varsemd ved samanlikning av tala for i år med fjorårets, då endringane gjer at tala ikkje er direkte samanliknbare.


Nær halvparten har ikkje søkt om skole- eller lære plass

Nesten halvparten av unge, 45 prosent, var kontakta av oppfølgingstenesta fordi dei ikkje hadde søkt skole- eller lære plass. Andelen unge som ikkje søkte skole- eller lære plass har gått opp frå 38 prosent i 2024. Dette kjem av at målgruppa til OT har blitt utvida med fleire unge med rett til opplæring etter opplæringslova § 5-1, sjå infoboks ovanfor. Om lag 9 680 i aldersgruppa 21–24, og 4 530 i alderen 16–20, var registrerte i OT fordi dei ikkje hadde søkt vidaregåande opplæring.

17 prosent, eller 5 400 unge, vart kontakta fordi dei slutta i skole eller lære i løpet av skoleåret. Andelen som slutta i skole eller lære er 12 prosentpoeng lågare enn i juni 2024. Dette kan kome av at fleire av dei yngre vel å halde fram i vidaregåande opplæring, framfor å slutte. I tillegg kjem dette av at mange av dei som no er omfatta av den utvida målgruppa, blir rekna som ikkje-søkarar, heller enn som elevar med avbrot fordi dei ikkje har gått på skole eller vore i lære det siste året.

Vidare har ein del unge enten takka nei til plassen dei fekk (8 prosent), eller hatt andre grunnar til å vere utanfor opplæring og arbeid (14 prosent). Også andelane i desse kategoriane er lågare enn året før, som følge av endringane i målgruppa.

Fordeling av innregistreringsårsaker i OT. Juni 2025



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

PieChart	
Andre grunnar	4 394
Avbrot	5 395
Ikkje oppnådd studie- eller yrkeskompetanse	5 421
Ikkje søkt	14 203
Takka nei til plass	2 401

I juni 2025 var 17 prosent av alle i OT registrert som følge av at dei ikkje hadde oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Men ikkje alle fylke har fullstendig oversikt over unge som manglar enkelte fag eller læretid for å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Det er berre fylka Rogaland, Østfold, Oslo, Buskerud, Innlandet, Telemark og Vestfold som har registrert unge som har gjennomført, men ikkje bestått vidaregåande opplæring. Fylka med høgaste del ukjende tilfelle er i stor grad dei same som har registrert mange unge som ikkje har bestått vgo. OT-kontora rapporterer at det har vore utfordrande å kome i kontakt med denne gruppa, noko som kan forklare auken i talet på ukjende i desse fylka. Det er derfor venta at talet på

unge med denne årsaka for tilmelding vil auke fram mot neste publisering i desember.


Éin av fire unge var ukjende for oppfølgingstenesta

Formålet med oppfølgingstenesta er å sørge for at unge i målgruppa får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande tiltak. Oppfølgingstenesta lukkast likevel ikkje i å nå fram til alle unge. 27 prosent, eller 8 640 unge, har ikkje OT klart å kome i kontakt med. Talet på unge OT må kontakte, er mykje større enn tidlegare. I juni 2024 kontakta OT i overkant av 35 000 unge i alderen 16–21 år. I juni 2025 fekk OT-kontora ansvar for å kontakte over 68 000 unge i alderen 16–24 år. Av desse var 31 800 i målgruppa, det vil seie unge mellom 16 og 24 år som stod utanfor vidaregåande opplæring eller arbeid.

Innan 15. juni 2025 hadde 39 prosent av unge begynt i opplæring, jobb eller tiltak etter å ha vore i kontakt med oppfølgingstenesta. Andelen er 2 prosentpoeng lågare enn i juni 2024.

Som eit resultat av at fleire av målgruppa var ukjende for oppfølgingstenesta, var det òg ein lågare andel som fekk oppfølging eller hadde status som avklart. Éin av tre unge hadde status som avklart eller under oppfølging i juni 2025. I 2024 var annakvar unge registrert med desse statusane. Med «avklart» meiner ein unge som ikkje har moglegheit til å starte på skole eller i arbeid, enten på grunn av sjukdom, militærteneste, fordi dei har takka nei til oppfølging, eller fordi dei deltek i ikkje-formell opplæring.

Status for unge i oppfølgingstenesta, juni i høvesvis 2024 og 2025



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	Juni 2024	Juni 2025
Ukjend status	11%	27%
Under oppfølging og rettleiing	28%	18%
I aktivitet	41%	39%
Avklart	21%	16%


Nær tre av fem unge utanfor skole og arbeid var gutar

Om lag 17 900 gutar og 13 900 jenter var registrerte i oppfølgingstenesta i juni 2025. Gutane utgjorde 56 prosent av dei registrerte unge i OT. Om lag like stor andel gutar og jenter begynte i aktivitet som opplæring, jobb eller andre aktivitetstiltak mens dei var registrerte i OT. Totalt var 30 prosent av unge i tiltak i regi av Nav eller ulike fylkeskommunale opplæringstiltak. Her skil det om lag 2 prosent mellom kjønna, der jentene i større grad deltok i tiltak i regi av Nav og fylkeskommunane.

OT har ikkje fått kontakt med ein av seks gutar. Tala frå fylka viser at ein større del gutar enn jenter er ukjende for OT, med ein skilnad på 5 prosent mellom kjønna. Dette utgjer den største kjønnsforskjellen i denne samanhengen. Frå statistikken unge utan og utanfor vidaregåande opplæring ser vi at det er fleire gutar enn jenter som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, og som står utanfor vidaregåande opplæring.

Omtrent 7 prosent av unge er verken i opplæring eller arbeid på grunn av sjukdom eller opphald i institusjon. Det er ein større andel av gutane enn av jentene som er i denne gruppa. Andelen har gått ned med eitt prosentpoeng frå året før.

Unge i OT fordelt etter kjønn og status. Juni 2025



Kjelde: Utdanningsdirektoratet

	Gutar	Jenter
Ukjend aktivitet	16,1%	11,1%
Arbeidspraksis eller anna tiltak i regi av Nav	14,4%	11,5%
Oppfølging og rettleiing	10,5%	8,0%
Ikkje i posisjon til opplæring/arbeid	3,5%	3,2%
Takka nei til oppfølging	2,8%	2,0%
I arbeid	1,9%	1,1%
Elev	1,8%	1,8%
Opplæring og arbeidspraksis i regi av fylket	1,4%	1,4%
Ikkje-formell opplæring	1,3%	1,3%
Kombinasjonstiltak - fylkeskommunen og Nav	1,1%	0,8%
Lærling/lærekandidat/praksisbrevkandidat	1,0%	0,5%
Er i militæret	0,5%	0,1%
Har omsorg for barn		0,9%

Om statistikken

Statistikken viser kor mange unge mellom 16 og 24 år som er registrerte i oppfølgingstenesta (OT). Tilmeldingskode angir årsaka til at unge er registrerte i OT. Det kan vere unge som ikkje har søkt, som har takka nei, som har fullført vidaregåande, men ikkje har bestått alle faga, læretida eller fagprøva, som har slutta i skole/lære eller av andre grunnar ikkje er i opplæring eller jobb. Statuskode angir kva som er hovudaktiviteten til unge på rapporteringstidspunktet.

Statuskodane er delte inn i fire hovudgrupper:

- I aktivitet (unge som har begynt i skole, arbeid eller tiltak)
- Avklart (unge treng ikkje oppfølging på dåverande tidspunkt)
- Under oppfølging og rettleiing (unge ein førebels ikkje har funne eit tilbod til)
- Ukjend (oppfølgingstenesta har ikkje fått kontakt med dei unge)

Fleire tal og analysar av gjennomføring

- Elevar som har slutta i vidaregåande opplæring
- Gjennomføring av læretida
- Ungdom utan og utanfor vidaregåande opplæring
- Overgang til vidaregåande opplæring